



## Innkalling for Kommunestyret i Radøy

**Møtedato:** 15.06.2017  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 18.00

### Saksliste:

Saksnr	Tittel
023/2017	Meldingar og referatsaker
024/2017	Region Nordhordland Helsehus - utvida rammer for låneopptak
025/2017	Samarbeidsavtale Bergen Reiselivslag og kommunane i Region Nordhordland
026/2017	Radøy ungdomsråd - endring av vedtekter
027/2017	Etablering av interkommunalt vertskommunesamarbeid for tilsyn etter plan- og bygningslova
028/2017	Forskrift om rett til langtidsopphald ved sjukeheim eller tilsvarande bustad særskild tilrettelagt for heildøgnsstenester i Radøy kommune
029/2017	Kommuneldeplan helse og omsorg - 2018-2028 - framlegg til planprogram
030/2017	Tertialmelding januar - april 2017
031/2017	Namn på ny kommune frå 2020
032/2017	Val av medlemmer til Fellesnemnd - ny kommune

SPØRJETIME: Det vert spørjetime kl. 18.00. Skriftlege spørsmål må vera på rådhuset 48 timar før spørjetimen tar til. Munnlege spørsmål må vera avklart med ordføraren seinast seks timar før.

Den som har lovleg forfall eller er ugild i nokon av sakene må melda i frå til kultur- og sørvistorget så snart som råd, tlf 56 34 90 00. Varamedlemmer møter etter nærare innkalling.

10. januar 2018

Jon Askeland  
møteleiar

Arthur Kleiveland  
utvalssekretær

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
023/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	15.06.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	17/1140	17/7253

## Meldingar og referatsaker

### Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker:

- a. Kontrollutvalet i Radøy 29. mai 2017 – møteutskrift
- b. Nordhordlandsting 15. mai 2017 – protokoll
- c. Interkommunal akvakulturplan – presentasjon Nordhordlandsting 15. mai
- d. Regionalt helsehus – presentasjon Nordhordlandsting 15. mai
- e. Biosfære-prosjektet – status – presentasjon Nordhordlandsting 15. mai
- f. Svensk biosfære-prosjekt – presentasjon Nordhordlandsting 15. mai
- g. Nordhordland Utviklingsselskap IKS – representantskapet 2. juni – protokoll
- h. Nordhordland Revisjon IKS – representantskapsmøte 2. juni – protokoll
- i. Region Nordhordland Helsehus IKS – representantskapet 2. juni – protokoll
- j. Førebuande fellesnemnd 15. mai – møtebok
- k. Førebuande fellesnemnd – partssamansett utval 15. mai – møtebok
- l. Kommuneplan Lindås kommune – samfunnsdel – kunngjering
- m. Kommuneplan Lindås – samfunnsdel – høyring og offentlig ettersyn
- n. Kommuneplan Lindås 2017-2029 – samfunnsdel - høyringsutkast
- o. Møteplan politiske møte andre halvår 2017
- p. Orientering v/ordførar

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

### Vedlegg:

Kontrollutvalet\_Radøy\_29\_mai\_2017\_møteutskrift

Nordhordlandsting 15\_mai\_2017\_protokoll

Interkommunal akvakulturplan\_Nordhordlandstinget 15\_mai

Regionalt helsehus\_Nordhordlandstinget 15\_mai 2017

Biosfæreprosjektet\_status\_Nordhordlandsting\_15\_mai\_2017

Svensk biosfæreprosjekt\_Nordhordlandsting\_15\_mai\_2017

Nordhordland Utviklingselskap\_representantskapet 2\_juni\_2017\_protokoll\_

Nordhordland revisjon IKS\_representantskapet\_2\_juni\_protokoll

Region Nordhordland Helsehus IKS\_representantskapet 2\_juni\_2017

Møtebok førebuande fellesnemnd 15.05.2017

Møtebok - Førebuande fellesnemnd - partssamansett utval - 15.05.2017 (L)(259606)

Kommuneplan Lindås\_samfunnsdel\_kunngjering

Kommuneplan Lindås\_samfunnsdel\_høyring og offentlig ettersyn

Kommuneplan Lindås kommune\_samfunnsdelen\_høyringsutkast

Møteplan 2. halvår 2017

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
039/2017	Formannskapet i Radøy	PS	01.06.2017
024/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	15.06.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	14/3347	17/6906

## Region Nordhordland Helsehus - utvida rammer for låneopptak

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Kommunane i Nordhordland ønskjer å realisera eit helsehus i Knarvik for å kunne tilby gode lokale til helsetenestene og på den måten sikre innbyggjarane i regionen eit godt tenestetilbod lokalt. For å realisera prosjektet er selskapet Region Nordhordland Helsehus IKS (RNHI) etablert. Dei viktigaste leigetakarane er Lindås kommune, interkommunale tenester, Helse Bergen og Fylkeskommunen (fylkestannlegen).

Region Nordhordland Helsehus IKS ber om at kommunane handsamar sak om utvida rammer for låneopptak i sine respektive kommunestyre i juni slik at prosjektet kan halda gjeldande framdriftsplan. Vedlagt fylgjer forslag til felles vedtak i kommunestyrene i eigarkommunane.

Eit samrøystes Representantskap gjorde dette vedtaket onsdag 24. mai 2017:

*«Representantskapet ber styret i Region Nordhordland Helsehus IKS fremja sak for kommunane om å endra selskapsavtalen §7-4 og at høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak vert sett til 640 millionar kroner under føresetnad av at leigetakarane underteiknar leigeavtalane».*

Styret i Region Nordhordland Helsehus IKS sitt framlegg til vedtak i kommunestyra:

*«Lindås kommune sluttar seg til at selskapsavtalen §7-4 vert endra og at høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak vert sett til kr 640 millionar kroner under føresetnad av at leigetakarane underteiknar leigeavtalane.*

Det er totalt 13 230 m<sup>2</sup> BTA (eks underetasje) som er fordelt på dei ulike leigetakarane. I dette arealet er også felles areal inkludert mellom anna møterom og tekniske rom.

### **Kostnaden med prosjektet**

Forprosjekt med kalkyle vart levert 31. mars 2017. Etter dette har Metier AS gjennomført usikkerheitsanalyse på forprosjektet og kalkylen. Med bakgrunn i dette, er den totale forventede kostnaden (P50) med prosjektet berekna til kr 719 mill. For den delen av arealet som kommunen og fylkeskommunen leiger, så får RNHI refundert mva. Det er rekna med om lag 10 mill. kr i tilskott frå Husbanken. Dette gir ein netto forventet kostnad på kr 623 mill.

### **Økonomien i prosjektet**

I saksutgreiinga til representantskapet i Region Nordhordland Helsehus IKS blir det vist til at det i samarbeid med leigetakarane er utforma leigeavtalar som gjeld for 20 år. Leigeprisane er utforma med grunnlag i netto forventet kostnad. Endeleg leige vil bli avtalt når byggerekneskap er ferdig. Endra rentenivå vil også gi grunnlag for endring i leiga. Fylkeskommunen og Helse Bergen vil underteikna leigeavtalar no i mai. Lindås kommune får avklart dette endeleg ved handsaming av økonomiplan for perioden no i mai/juni.

I saksutgreiinga til Representantskapet i Nordhordland Helsehus IKS sitt møte 24. mai står det følgjande om behovet for utvida låneramme:

*Med grunnlag i netto forventet kostnad og ein forseinking i refusjon av mva og tilskott frå Husbanken ser selskapet det som naudsynt å ha ei låneramme på kr 640 mill.*

*Låneramma er kr 190 mill. høgare enn det som er signalisert tidlegare. Dette skuldast mellom anna:*

*☐☐ Tidlegare anslått låneramme var i 2014-kroner utan at det låg skisseprosjekt / forprosjekt til grunn*

*☐☐ Det er lagt inn midlar til likviditet (kr 17. mill.) i påvente av refusjon av mva og tilskott*

*☐☐ Tillegg etter usikkerheitsanalyse var ikkje rekna med (kr 55 mill.)*

*☐☐ Huset har auka med noko over 700 m<sup>2</sup>*

*☐☐ Krava i TEK 10 og TEK 17 gir auka kostnader*

*☐☐ Det er lagt inn ein kostnad for usikkerheit i prosjektet*

*☐☐ Leigetakarane sine krav til utforming i brukarprosessen*

*☐☐ Prosjektet har blitt forsinka – prisauke*

*☐☐ Mykje teknisk krevjande areal (ambulansse, legevakt, ØHD, tannlege, dialyse, lydette behandlarkontor, oksygen m.v. i veggjar). Kostnadane er no kunne berekna nærare til denne type bygg og innhald med dei tekniske krav ein har utover t.d. eit reint kontorbygg*

*☐☐ Kostnadar med utbyggingsavtale og grensesnittet mellom bygg og utbygging av kommunal infrastruktur m.v. som det er krav til i områdeplanen*

### **Styret i Region Nordhordland Helsehus IKS si vurdering:**

*Bygget har no fått ei utforming som er i samsvar med leigetakarane sine ønskjer. Det vil ivareta målet som prosjektet har om å leggje til rette for framtidssrette helsetenester i regionen. Leigeavtalane sikrar økonomien til selskapet og kommunane sin risiko i prosjektet er svært lita.*

*Styret tilrår at låneramma vert auka til kr 640 mill. slik at prosjektet kan realiserast under føresetnad av at leigetakarane underteiknar leigeavtalane.*

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune sluttar seg til at selskapsavtalen §7-4 vert endra og at høgaste ramme for selskapet

sitt samla låneopptak vert sett til kr 640 millionar kroner under føresetnad at leigetakarane underteiknar leigeavtalane.

### **Formannskapet i Radøy - 039/2017**

#### **FS - handsaming:**

Rådmann Jarle Landås orienterte om prosjektet. Bygget blir betydeleg større enn først planlagt, på grunn av at behovet har auka. No er det ikkje mogleg å utvida dei fysiske rammene for helsehuset, og bygget er omtrent fylt med leigetakarar. Rådmannen peika på at den nye storkommunen vil ha ein betydeleg plass i bygget. Lindås kommune har planlagt fleire av sine tenester i bygget, og dette vil no bli storkommunen si forplikting. Mellom anna skal felles barnevernkontor få plass her.

Kenneth Taule Murberg (H) synest det er uheldig at leigeprisen i det regionale helsehuset ikkje er lagt fram. Han er også bekymra over det han kalla ei uheldig kostnadsutvikling for prosjektet. Også Roy Bø (Frp) uttrykte skepsis til kostnadsutviklinga.

Kenneth Taule Murberg og Roy Bø sette fram følgjande protokollmerknad:  
*Høgere og Frp er skeptiske til kostnadsutviklinga for regionalt helsehus.*

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **FS - vedtak:**

Radøy kommune sluttar seg til at selskapsavtalen §7-4 vert endra og at høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak vert sett til kr 640 millionar kroner under føresetnad at leigetakarane underteiknar leigeavtalane.

#### **Vedlegg:**

Vedlegg 1. 2017 RNHI Saksframlegg om utvida ramme lån i selskapsavtalen

Vedlegg 2. Protokoll 1-2017 Representantskap RNHI 24. mai

Vedlegg 3. Sak 3-17. Utvida låneramme RNHI

Vedlegg 4. Selskapsavtale Helsehus - forslag revidert juni 2017

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
025/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	15.06.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	16/1564	17/7349

## Samarbeidsavtale Bergen Reiselivslag og kommunane i Region Nordhordland

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Kommunestyret i Radøy gjorde 27. oktober 2016 vedtak om å melda kommunen inn i Region Bergen Reiseliv, under føresetnad av at endeleg samarbeidsavtale blir godkjend.

Kommunestyret sa seg positivt innstilt til forretningsplanen for å styrka reiselivssatsinga i Nordhordland, og at planen skal vera grunnlaget for ein samarbeidsavtale mellom Region Bergen Reiseliv og kommunane i Nordhordland.

No er endeleg samarbeidsavtale klar til godkjenning. Avtalen gjeld fram til 31.12 2019, og deretter for eitt år om gongen. Etter at kommunane Lindås, Meland og Radøy går saman til ein kommune, vil den nye kommunen fortsetja som eitt medlem i Bergen Reiselivslag.

Bergen Reiselivslag har i samarbeid med Nordhordland Utviklingsselskap IKS og Nordhordland Næringslag utarbeidd framlegg til ein Forretningsmodell for ein ny regional reisemålsorganisasjon med arbeidsnamn "Nye Bergen Reiselivslag". Forretningsmodellen er grunnlaget for samarbeidsavtalen.

#### Framlegget til Forretningsmodell byggjer på nokre føresetnader som er felles for partane:

- Samarbeidet i " Nye Bergen Reiselivslag" styrkjer reiselivsnæringa i regionen ved at ressursane i den nye organisasjonen går med til å styrkja reiselivsnæringa i *heile regionen/Region Bergen*.
- Kommunane i Region Nordhordland; Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, og Radøy bidreg varig med økonomisk tilskot og med ressursar i etableringsfasen, jf kapittel 6, økonomiske forhold.
- Bergen Reiselivslag må vidareføra og styrka samarbeidet med lokale reiselivsaktørar og Nordhordland Utviklingsselskap og sikra tydeleg nærvær lokalt.

Kommunane i Nordhordland sitt økonomiske bidrag til reiselivslaget vert rekna ut frå ein fastsett kronesum per innbyggjar i kommunane, kr 18 i 2017, og justert årleg baksert på konsumprisindeksen.

Kommunane i Vest og i Nordhordland har rett til eit styremedlem med personleg varamedlem til styret i «Nye Bergen Reiselivslag». Desse vart valt for to år om gongen og alternerer mellom dei to

regionane.

### **Vurdering**

Målet med ein større organisatorisk region er å oppnå ein sterkare posisjon nasjonalt og internasjonalt. Målet er vidare å gjennomføra tiltak som kan gje større effekt av det vi alt gjer, samt gje regionen auka ressursar i form av økonomi, kapasitet og kompetanse som gjer oss betre i stand til å konkurrera på like vilkår med andre regionar.

Det er rådmannen si vurdering at samarbeidsavtalen til den nye organisasjonen, "Nye Bergen Reiselivslag", er eit godt grunnlag for å styrka omdømme, bærekraft og lønsemd for reiselivsbedriftene.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune godkjenner framlegg til samarbeidsavtale mellom Bergen Reiselivslag og kommunane i Region Nordhordland.

### **Vedlegg:**

Samarbeidsavtale mellom Region Nordhordland og Bergen Reiselivslag - rev 24. mai 2017

Medlemskap i Region Bergen Reiseliv (L)(105670)

Forretningsmodell - Reiseliv - organisering RegionBergen\_2016 (L)(96241)



# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
035/2017	Formannskapet i Radøy	PS	01.06.2017
026/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	15.06.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Katarina Birkeland	16/377	17/6840

### Radøy ungdomsråd - endring av vedtekter

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

I vedtektene til Radøy ungdomsråd heiter det i § 6 at vedtektene skal takast opp til vurdering av Radøy ungdomsråd og kommunestyret innan 4 år. Vedtektene vart sist endra 18.juni 2015. Ungdomsrådet har i møte tysdag 7.februar drøfta vedtektene for rådet og gjer framlegg om endringar.

Den første endringa er i punkt under § 1. Ungdomsrådet ynskjer at det skal stå: § 1 e. Leiar, nestleiar og kontaktperson får tilsendt kommunestyredokument frå kommunestyresekretær når det er saker som omhandlar barn og unge i kommunen.

Ungdomsrådet meiner det er viktig at også nestleiar får nødvendige dokument.

Den andre endringa gjeld funksjonstida til representantane frå 8.-, 9.- og 10. klasse under § 2a. Ungdomsrådet ynskjer at det skal stå: Ein representant for kvar klasse på ungdomsskulesteget med vararepresentant av motsett kjønn. Minst 40 % av kvart kjønn. Vala skjer i kvar klasse. Representantane vart valt for 1 år.

Ungdomsrådet ynskjer at også 10.klassen skal veljast for 1 år om gangen. Begrunnelsen er at i perioden 2015/2017 har det vore store utskiftingar, der representantar har trekt seg og fleire reiser vekk på skule.

Den tredje endringa er i tilknytning til den over. Dei ynskjer å auke representantar frå vidaregåande frå 6 til 9 representantar. Ungdomsrådet merkar at vidaregåande representantar har vore veldig aktive, stabile og fungerer som rollemodell og rettleiarar for dei yngre. Derfor ynskjer ungdomsrådet at rådet skal ha lik samansetting av representantar på ungdomsskulen og vidaregåande. Men det er berre ungdomsskulen som har vararepresentantar. Ungdomsrådet synest dette vil styrka rådet og møta i rådet, spesielt med tanke på arbeidet fram mot ein ny storkommune.

Forslag til endring i § 2b er:

Ni representantar for aldersgruppa 16-19 år. Alle lag, organisasjonar og andre som driv med aktivitet for barn og unge i denne aldersgruppa, kan koma med framlegg på representantar. Formannskapet oppnemner representantane for 1-2 år om gongen. Minst 40 % av kvart kjønn. Representantane kan seia frå seg vervet etter eitt år.

Den fjerde endringa er i § 4 a. Møteverksemd. Ungdomsrådet ynskjer å endre vedtektene meir til gjeldande praksis. Endringa vert då: § 4 a. Radøy ungdomsråd har møte minst 6 gonger kvart år, men elles så ofte det er behov. Møta er opne. Arbeidsutval har møte etter behov.

Den femte endringa er i § 4 b. Møteverksemd. Ungdomsrådet ynskjer at nestleiar, som også er ein del av arbeidsutvalet, skal samarbeide med leiar og sekretær om å senda ut innkallinga. Endringa vert då: § 4 b. Innkalling til møta med sakliste skjer frå Radøy ungdomsråd sin leiar og nestleiar i samarbeid med sekretær, minst ei veke på førehand. Saker som skal opp til handsaming, må vera sendt leiar/sekretær i god tid før møtet. Ungdomsrådet kan fritt fremja dei sakene dei er opptekne av.

Den siste endringa er i § 4.

Møteverksemd. Ungdomsrådet ynskjer å legge til i § 4 h:

For at ei sak skal gå igjennom må 50 % av alle medlemene i ungdomsrådet stemme for.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vedtektene for Radøy ungdomsråd vert endra i samsvar med saksutgreiinga.

#### **Formannskapet i Radøy - 035/2017**

##### **FS - handsaming:**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

##### **FS - vedtak:**

Vedtektene for Radøy ungdomsråd vert endra i samsvar med saksutgreiinga.

##### **Vedlegg:**

Vedtekter for Radøy ungdomsråd(55358)



# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
040/2017	Formannskapet i Radøy	PS	01.06.2017
027/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	15.06.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Tonje Nepstad Epland	17/516	17/6701

### Etablering av interkommunalt vertskommunesamarbeid for tilsyn etter plan- og bygningslova

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

I januar 2005 starta kommunane i Nordhordland eit interkommunalt samarbeid om byggsakstilsyn – NGIT (Nordhordland og Gulen interkommunale tilsyn) – med Lindås kommune som vertskommune. Samarbeidet vart avvikla i 2014 då det ikkje vart oppnådd økonomisk semje om ein revidert avtale.

Rådmannsutvalet i Nordhordland ynskjer no å ta opp att samarbeidet om felles byggsakstilsyn. Lindås kommune har utarbeidd utkast til ny samarbeidsavtale og tilsynsstrategi, og rådmannsutvalet gjorde i møte 17.02.2017 vedtak om å sende saka til politisk handsaming i kommunane.

Avtaleutkast og framlegg til tilsynsstrategi har vore på høyring i administrasjonane i kommunane. Administrasjonen i Radøy kommune hadde merknader til det første utkastet. Merknadene er i all hovudsak tekne til følgje, og reviderte avtaleutkastet datert 10.05.2017 vert lagt fram for politisk handsaming.

Samarbeidsavtalen følgjer reglane i kommunelova § 28-1b om administrativt vertskommunesamarbeid, og må handsamast av kvart kommunestyre i deltakarkommunane.

Samarbeidet gjeld 8 kommunar: Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy.

##### Vurdering

Kommunane pliktar å føre tilsyn etter plan- og bygningslova kap. 25. Kommunane skal føre tilsyn både med konkrete byggetiltak og på systemnivå med føretaka som opptre med ansvarsrett i byggesak. Kommunane sin tilsynsverksemd skal sikre god kvalitet i byggverk og at tiltaka er i samsvar med lovverket, samt motverke ulovleg bygging.

Målsettinga med å opprette eit interkommunalt tilsynssamarbeid er å utnytte ressursane mest

mogeleg effektivt og oppnå lik, føreseieleg og objektiv handsaming kommunane i mellom.

Det interkommunale tilsynet skal ha hovudfokus på systematisk føretakstilsyn. Føretaka som har ansvarsrett i byggesak opererer i fleire kommunar, og det er eit klart føremonn at det er eit interkommunalt organ som følgjer opp kompetansen i føretaka. Eit interkommunalt tilsyn vil rekke over eit større tal føretak i løpet av året, og informasjon frå tilsyna vil vere tilgjengeleg for alle kommunane i samarbeidet. Kommunane vil då ha eit felles grunnlag for å møte føretaka med dei same krava på tvers av kommunegrensar. Tilsynsarbeidet vil også vere eit godt kunnskapsgrunnlag for utbyggjarar og privatpersoner i val av føretak i eiga byggesak.

Det interkommunale tilsynsarbeidet vil vere eit supplement til den tilsynsverksemda som kommunen sjølv ivaretek i samsvar med Radøy kommune sin tilsynsstrategi vedteke i kommunestyret 30.03.17.

Det interkommunale tilsynet skal følgje opp lovbrøt som tilsynet sjølv avdekkar gjennom tilsyn etter plan- og bygningslova kap. 32. Anna oppfølging av lovbrøt skal skje i Radøy kommune i samsvar med Radøy kommune sin tilsynsstrategi.

Det interkommunale tilsynet skal arbeide etter ein felles overordna tilsynsstrategi, i tråd med plan- og bygningslova § 25-1 og tilhøyrande forskrift (SAK 10). Framlegg til overordna tilsynsstrategi er eit vedlegg til samarbeidsavtalen.

Samarbeidsavtalen legg opp til at det skal vere minimum to tilsette i tilsynet.

Tilsynskontoret får delegert mynde til å gjennomføre tilsyn etter plan- og bygningslova kap. 25 og oppfølging av lovbrøt i saker av ikkje prinsipiell art etter plan- og bygningslova kap. 32.

Radøy kommune sin del av kostnadene til det interkommunal tilsynet vert dekkja av byggesaksgebyret med heimel i plan- og bygningslova § 33-1. Dokument med økonomisk fordelingsnøkkel er eit vedlegg til samarbeidsavtalen.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at ny avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for tilsyn etter plan- og bygningslova og overordna tilsynsstrategien, revidert 10.05.2017, vert godkjent.

Radøy kommune må samstundes med heimel i kommunelova § 28-1 b nr 3 delegere mynde til rådmannen i Lindås til å utføre oppgåver etter avtalen på vegne av Radøy kommune.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret i Radøy kommune godkjenner i medhald av kommunelova § 28-1 b samarbeidsavtale for Nordhordland og Gulen interkommunale tilsyn, jf. revidert avtaledokument datert 10.05.2017.

Kommunestyret gir i medhald av kommunelova § 28-1 b nr 3 instruks til rådmannen i Radøy kommune om delegasjon av mynde som avtalen omfattar til rådmannen i Lindås.

Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 25-1 overordna tilsynsstrategi for

samarbeidskommunane, jf. revidert tilsynsstrategi datert 10.05.2017.

### **Formannskapet i Radøy - 040/2017**

#### **FS - handsaming:**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **FS - vedtak:**

Kommunestyret i Radøy kommune godkjenner i medhald av kommunelova § 28-1 b samarbeidsavtale for Nordhordland og Gulen interkommunale tilsyn, jf. revidert avtaledokument datert 10.05.2017.

Kommunestyret gir i medhald av kommunelova § 28-1 b nr 3 instruks til rådmannen i Radøy kommune om delegasjon av mynde som avtalen omfattar til rådmannen i Lindås.

Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 25-1 overordna tilsynsstrategi for samarbeidskommunane, jf. revidert tilsynsstrategi datert 10.05.2017.

#### **Vedlegg:**

2017\_05\_Samarbeidsavtale NGIT\_utkast 10.05.2017

2017\_05\_Samarbeidsavtale NGIT\_vedlegg strategi\_Utkast 10.05 2017

Samarbeidsavtale NGIT\_økonomi

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
044/2017	Formannskapet i Radøy	PS	01.06.2017
028/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	15.06.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Mette Fauskanger	16/2141	17/6965

### **Forskrift om rett til langtidsopphald ved sjukeheim eller tilsvarande bustad særskild tilrettelagt for heildøgntenester i Radøy kommune**

#### **Saksopplysingar:**

#### **Bakgrunn**

Viser til saksutgreiing til formannskapet 4. mai 2017 (vedlegg).

Stortinget vedtok 13. juni 2016 endring i Pasient- og brukerrettighetslov, samt i Helse- og omsorgstenestelov om rett til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskild tilrettelagt for heildøgntenester. Kommunen er her pålagt å utarbeide kommunale kriterie for tildeling av nemde type opphald samt tildeling av plass på venteliste.

Det er no utforma kommunal forskrift med iverksetting frå og med 01.07.2017. Nemde forskrift har vore på høyring i perioden 04.05 – 22.05.2017.

Det har kome to innspel til forskrifta innan tidsfristen. Innspel frå Eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (vedlegg). Innspelet er teke til vitande, og det er blitt gjort endringar i samsvar med dette.

Innspel frå Fylkesmannen i Hordaland (vedlegg). Det er gjort ein gjennomgang og vurdering av innspelet, og gjort endringar i forskrifta i samsvar med innspel.

#### **Vurdering**

Kommunen har ansvaret for å sørge for kommunale helse- og omsorgstenester, og det er ei føremon at tildelingsprosessar for enkeltvedtak er kjent og forutsigbar. Kommunal forskrift om rett til langtidsopphald skal gje tryggleik for at den einskilde sine tenestebhov vert sett og vurdert, samt at tilbod om langtids plass i sjukeheim eller tilsvarande bustad er tilgjengeleg når behov oppstår.

Tenestemottakar skal ha krav på naudsynte og forsvarlege tenester uavhengig om ein står på ei venteliste eller ikkje. Vidare skal sakshandsaming følgje forvaltningslova sine reglar, samt dei krav

som gjeld om klage som følgjer av pasient- og brukarrettighetslov.

Rådmannen har utført endring/presisering i følgjande paragrafar etter at forskrifta har vore til offentleg ettersyn jf. innspel frå Fylkesmannen:

- § 7 under punkt a). Kartlegging (IPLOS) er flytta inn under §8.
- §8 prosedyre for inntaksnemnd er fjerna frå forskrifta. Kriterium er blitt meir utdjupa
- §9 klagerett er flytta til §12
- §12 presisering om endeleg klagegang

### **Konklusjon**

«Rådmann tilrår at kommunestyret godkjenner kommunal forskrift slik den ligg føre 29.05.17 (vedlegg).»

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner forskrift om rett til langtidsopphald ved sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester i Radøy kommune datert 29.05.17 (vedlegg). Kommunal forskrift trer i kraft frå og med 01.07.17.»

### **Formannskapet i Radøy - 044/2017**

#### **FS - handsaming:**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **FS - vedtak:**

Kommunestyret godkjenner forskrift om rett til langtidsopphald ved sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester i Radøy kommune datert 29.05.17 (vedlegg). Kommunal forskrift trer i kraft frå og med 01.07.17.

#### **Vedlegg:**

Høyringsnotat til Forskrift om rett til langtidso (121456) (L)(121468)

Høyring - forskrift om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad

Formannskapet 4. mai - høyring



Høyringsuttale fylkesmannen i Hordaland - Lokal forskrift om tildeling av langtidsplass i sjukeheim mv - Radøy kommune

Høyringsuttale Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - lokal forskrift helse- og omsorgstenester (

Høyringsuttale eldrerådet - lokal forskrift Helse- og omsorgstenester

Forskrift om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særleg tilrettelagt for heildøgns tenester (3)

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
045/2017	Formannskapet i Radøy	PS	01.06.2017
029/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	15.06.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Mette Fauskanger	17/1089	17/6945

## Kommuneldeplan helse og omsorg - 2018-2028 - framlegg til planprogram

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Kommunal planstrategi 2016-2019, vedteken i kommunestyret 27.10.2016, seier at det skal utarbeidast kommunedelplan for helse og omsorg.

For alle kommuneplanar er det krav om utarbeiding av planprogram, jf plan- og bygningslova § 4-1. Planprogrammet skal gjera greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad særskilt for grupper som vert omfatta og kva som skal utgreiast i planarbeidet. Planprogrammet skal minimum ligga til høyring i 6 veker. Etter handsaming av høyringssvar og revidering av planprogram skal det handsamast av Radøy kommunestyre.

Planprogrammet skal liggja til grunn for utarbeiding av planforslag for kommunedelplan helse og omsorg.

#### Vurdering

Planprogrammet peikar på følgjande utfordringar som sentrale:

- Kva er framtidige behov og utfordringar i helse- og omsorgstenestene, sett opp mot den demografiske utviklinga i Radøy kommune?
- Korleis kan vi sikra god kvalitet, tilstrekkeleg kapasitet og fokus på eigenmeistring framover i helse- og omsorgstenestene i Radøy?
- Korleis kan vi sikra reell brukarmedverknad både på system-og individnivå?
- Korleis kan vi som organisasjon lukkast med nytenking og innovasjon?
- Korleis kan vi få best mogleg tenester ut av ressursane?
- Korleis kan vi sikra rekruttering av tilsette med rett kompetanse?
- Kva rolle ynskjer vi at frivillige organisasjonar, pårørande og private aktørar skal ha i framtidens helse- og omsorgstenester?
- Korleis kan vi utvikla gode rammer og føresetnader for frivillig innsats?
- Korleis skal vi sikra meir og betre samhandling internt og eksternt?
- Fastleggja mål og prioriteringar for utvikling av tenester i Radøy

· Utarbeida omsorgstrapp for omsorgstenestene i Radøy kommune etter LEON-prinsippet. Organiseringa av planarbeidet knyttast tett opp mot eksisterande politisk og administrativ organisering.

Medverknad skal takast hand om på ulike måtar – både når det gjeld tenestemottakarar, lag/foreiningar, frivillige organisasjonar, einskildpersonar og andre samfunnsaktørar. Det blir føreslege ein konsentrert prosess med sikte på at kommunedelplanen føreligg når kommunestyret skal handsama økonomiplan og budsjett i 2018.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

”I medhald av plan- og bygningslova § 4-1 og § 11-3 vert framlegg til planprogram for kommunedelplan helse og omsorg lagt til høyring og offentleg ettersyn 1. juni 2017. Høyringsfrist vert sett til 17 juli 2017».

#### **Formannskapet i Radøy - 045/2017**

##### **FS - handsaming:**

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

##### **FS - vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova § 4-1 og § 11-3 vert framlegg til planprogram for kommunedelplan helse og omsorg lagt til høyring og offentleg ettersyn 1. juni 2017. Høyringsfrist vert sett til 17 juli 2017.

##### **Vedlegg:**

Planprogram HO (4)

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
037/2017	Formannskapet i Radøy	PS	01.06.2017
030/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	15.06.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	17/1061	17/6661

### Tertialmelding januar - april 2017

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

#### Vurdering

Rådmannen legg med dette fram tertialmelding for perioden januar – april 2017 for formannskap og kommunestyre i form av eige dokument. I tillegg legg rådmannen fram eit oversyn over politisk vedtekne tilleggspunkt til budsjettet, og status på desse.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tertialmelding for januar – april 2017, med vedlegg, vert godkjent slik den ligg føre.

#### Formannskapet i Radøy - 037/2017

#### FS - handsaming:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### FS - vedtak:

Tertialmelding for januar – april 2017, med vedlegg, vert godkjent slik den ligg føre.

#### Vedlegg:

Tertialrapport\_2017\_T1

Oppfølging budsjett 2017 - status mai\_\_



# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
031/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	15.06.2017
041/2017	Formannskapet i Radøy	PS	01.06.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	17/1074	17/6737

## Namn på ny kommune frå 2020

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Førebuaende fellesnemnd gjorde i sak 025/17 følgjande vedtak om val av kommunenamn for den nye kommunen:

*Kommunestyret vedtek Alver kommune som namnet på den nye kommunen.*

Førebuaende fellesnemnd vedtok 20. mars 2017 å oppretta ein politisk komité for å gjennomføra prosessen fram mot eit namn på den nye kommunen, og utarbeida ei innstilling til førebuaende fellesnemnd til 15. mai 2017.

Namnekomiteen har vore samansett av 6 politikarar, 2 frå kvar av dei 3 kommunane som slår seg saman: 1. Nina Bognøy, Lindås kommune - leiar for komiteen 2. Laila Pletten, Radøy kommune 3. Jostein Borlaug, Radøy kommune 4. Nils Marton Aadland, Meland kommune 5. Anne Grete Eide, Meland kommune 6. Asle Hetlebakke, Lindås kommune.

Det vart lagt opp til å skapa ei brei involvering for å finna eit namn som flest mogleg av innbyggjarane kan identifisera seg med. Innbyggjarar og næringsliv har vore involvert og inkludert i prosessen. Det vart nytta ekstern bistand til komiteen for å gjennomføra ei kartlegging av kva innbyggjarane i dei tre kommunane assosierer med kommunen sin, og andre perspektiv på kva som kjenneteiknar kommunane. Dette vart gjennomført ved ei spørjeundersøking via einkommune.no, det vart opna for at den enkelte kunne senda namneforslag til komiteen, og det vart lagt ut saker på einkommune.no som informerte om saksgangen.

Lokalavisene har og delteke i å formidla ut til innbyggjarane om prosessen og korleis dei kunne involvera seg.

I forkant av utarbeidinga av spørjeundersøkinga vart det og gjennomført intervju med to lokalhistorikarar, Arnt Brakstad og Inge Alver. I alt 297 personar svara på undersøkinga, og resultatata synte at folk vektlegg det framtidiretta i stor grad. Ein ser og at sjø, fjord og strilekulturen er svært

viktig for folk.

Før namnekomiteen arbeidde fram si innstilling, vart det og gjort eit intervju med ein tredje representant for dei som kjenner lokalhistoria godt, Berit Kvalvik.

Namnekomiteen utnemnde ei referansegruppe som vart sett saman av språkkyndig kompetanse, samt representantar frå kommunane. Referansegruppa fekk overlevert 11 namn frå namnekomiteen: Knarvik, Nordhordland, Alver, Flatøy, Lindås, Kvernafjord, Seim, Alversund, Lygra, Radfjord og Håøy. Oppdraget referansegruppa fekk var å arbeida fram 3-5 namn som skulle leverast tilbake til namnekomiteen for vidare vurdering ut frå prinsippa som var vedtekne i førebuande fellesnemnd.

Referansegruppa var sett saman av:

Einar Vatne, kulturområdet Lindås kommune - Jorunn Signe Brakstad, eldreråd Meland kommune - Asle Hindenes, næringsliv. Lindås kommune - Sigrid Aven Storheim, ungdomsråd Radøy kommune - Gunn Tove Kalnes Skjervheim, idrettsområdet Meland kommune - Asle Hetlebakke, politisk namnekomité - Gunnstein Akselberg, professor UiB, språkkyndig kompetanse.

Referansegruppa kom med ei klar tilråding til kva namn dei meiner komiteen bør innstilla og arbeida vidare med i den politiske handsaminga, totalt 4 namn: Alver, Knarvik, Kvernafjord og Radfjord. Med utgangspunkt i innstillinga frå referansegruppa drøfta namnekomiteen seg fram til ei samrøystes innstilling om at Alver vert namnet på den nye kommunen. Førebuande fellesnemnd gjorde vedtak i samsvar med namnekomiteen si innstilling.

Namnet på den nye kommunen blir fastsett på det såkalla § 25-møtet med alle dei tre kommunestyra samla under leiing av fylkesmannen. Dette møtet blir halde etter at dei tre kommunestyra kvar for seg har vedteke eit forslag til namn.

Både kommunestyremøta og § 25-møtet skal haldast den 22. juni 2017.

#### **Vurderingar:**

Kommunenamnet er ein viktig identitetsberar og er arbeidd fram som eit resultat av ein inkluderande prosess med innbyggjarar og næringsliv. Prosessen har bygd på lokalhistorie og kultur. Språkrådet seier at namnet skal vera godt å skriva, lesa og uttale, noko som er tatt omsyn til i prosessen, i tillegg til prinsippa som låg til grunn.

Det er gjort eit godt arbeid med namnet til den nye kommunen. Rådmannen tilrår at førebuande fellesnemnd sitt namnevedtak, Alver kommune, vert valt som namn på den nye kommunen.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek Alver kommune som namnet på den nye kommunen.

#### **Formannskapet i Radøy - 041/2017**

##### **FS - handsaming:**

Jostein Borlaug (AP) orienterte om arbeidet i namnekomiteen. Komiteen stod tilbake med 11

namneforslag etter å ha silt ut forslag etter gitte kriterier.

Referansegruppa kom tilbake til namnekomiteen med fire namn; Alver, Knarvik, Radfjord og Kvernafjord.

Borlaug opplyste at namnekomiteen etter drøftingar landa på Alver som kommunenamn. Han konstaterer at Knarvik er litt for kontroversielt for ein del av innbyggjarane, og at Alver er det namnet som folk i dei tre kommunane kan samla seg om.

Førebuaende fellesnemnd samla til slutt også om Alver.

Roy Bø (Frp) sa at han hadde fått ein del negative tilbakemeldingar på at Alver blir namnet på den nye kommunen. Han signaliserte at han i kommunestyret vil fremja forslag om at namnet vert Nordhordland.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **FS - vedtak:**

Kommunestyret vedtek Alver kommune som namnet på den nye kommunen.

#### **Vedlegg:**

Førebuaende fellesnemnd\_sak 025\_17\_Val av kommunenamn for den nye kommunen



# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
042/2017	Formannskapet i Radøy	PS	01.06.2017
032/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	15.06.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	16/1600	17/6868

## Val av medlemmer til Fellesnemnd - ny kommune

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

#### I Inndelingslova §26 står det følgjande:

##### § 26.Fellesnemnd

*Ved samanslåing av kommunar eller fylkeskommunar og ved deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, skal det opprettast ei fellesnemnd til å samordne og ta seg av førebuinga av samanslåinga eller delinga. Nemnda bør spegle av innbyggjartalet i dei enkelte kommunane eller fylkeskommunane. Det skal likevel vere minimum tre medlemmer i nemnda frå kvar kommune eller fylkeskommune. Fellesnemnda blir valt av og blant medlemmene i kommunestyret eller fylkestinget. Også medlemmer av kommunerådet eller fylkesrådet kan veljast.*

Stortinget skal i løpet av juni 2017 gjera vedtak om samanslåing av kommunar. Kommunestyra i kommunane Lindås, Radøy og Meland har val av medlemmer til fellesnemnd for ny kommune som tema på fellesmøte 22. juni (Inndelingslova §25).

Kommunestyra i dei tre kommunane vedtok hausten 2016 å etablere ei «Førebuaende fellesnemnd» som skulle starta arbeidet med å førebu samanslåing og koordinere samarbeidet fram til den formelle Fellesnemnda er oppnemnd i samsvar med Inndelingslova.

#### Fellesnemnda skal etter intensjonsavtalen mellom kommunane Lindås, Meland og Radøy (kapittel 11) ha følgjande samansetning:

*«Når Stortinget har fatta vedtak om at kommunar kan slå seg saman skal det opprettast ei Fellesnemnd (Inndelingslova § 26). Fellesnemnda for Nordhordland kommune skal ha 21 medlemmar, med 5 frå Radøy, 6 frå Meland og 10 frå Lindås. Det skal også veljast varamedlemmer til nemnda.»*

Kommunestyret valde i møte 21. september 2016 følgjande medlemmer og varamedlemmer til Førebuande fellesnemnd frå Radøy kommune:

Fellesliste Sp/Ap:

Jon Askeland  
Jostein Borlaug  
Laila S. Pletten

Varamedlemer:

1. Kirsti G. Floen
2. Silje Namtvedt
3. Morgan Taule
4. Anne B. Bø Palmesen
5. Leif Taule

Fellesliste H/Frp/V/KrF:

Kenneth Murberg  
Else Marie Skartveit Dale

Varamedlemer:

1. Frode Hervik
2. Wenche T. Kalnes
3. Vidar Grindheim

Ordførar Jon Askeland orienterte i kommunestyret 11. mai 2017 om prosessen med etablering av permanent fellesnemnd. Då medlemmene i Førebuande fellesnemnd vart vald, var det kommunestyret sin intensjon at dei same personane i neste omgang også skulle gå inn i permanent fellesnemnd. Det er ikkje kome signal om at nokon ønskjer endringar i samansetjinga av medlemmer frå Radøy.

Frode Hervik (V) vart valt som første varamedlem på H/Frp/KrF/V si liste til førebuande fellesnemnd. Han har seinare søkt – og fått innvilga permisjon frå sine folkevalde verv fram til 1. februar 2018. Etter § 15.2 i Kommuneleva skal den som blir innvilga fritak frå eit folkevald organ for ein kortare periode, ikkje erstattast ved val av nytt medlem. Kommunestyret vedtok difor at 2. varamedlem i den aktuelle grupperinga, Wenche Kalnes Tveranger (Frp) rykkjer opp som første varamedlem til førebuande fellesnemnd.

Rådmannen si tilråding er at Radøy kommune sine medlemmer i Førebuande fellesnemnd også blir valde som medlemmer i den permante fellesnemnda. Val av første varamedlem på H/Frp/KrF/V si liste til fellesnemnd blir lagt fram utan tilråding.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Følgjande medlemmar vert valde frå Radøy kommune:

Fellesliste Sp/Ap:

Jon Askeland  
Jostein Borlaug  
Laila S. Pletten

Varamedlemer:

1. Kirsti G. Floen
2. Silje Namtvedt
3. Morgan Taule
4. Anne B. Bø Palmesen
5. Leif Taule

Fellesliste H/Frp/V/KrF:

Kenneth Murberg  
Else Marie Skartveit Dale

Varamedlemer:

- 1.
2. Wenche T. Kalnes
3. Vidar Grindheim

**Formannskapet i Radøy - 042/2017**

**FS - handsaming:**

Else Marie Skartveit Dale (KrF) og Laila Seifaldet Pletten (SP) har vore med i førebuande fellesnemnd, men har meldt frå at dei takkar nei til å vera medlem i den permanente fellesnemnd for ny kommune.

Formannskapet drøfta saka.

Det vart sett fram følgjande framlegg til vedtak:

*Følgjande medlemmer vert valde frå Radøy i fellesnemnda:  
Val til fellesnemnda vert gjort i kommunestyret.*

Formannskapet vedtok samrøystes framlegg sett fram i møtet.

**FS - vedtak:**

*Følgjande medlemmer vert valde frå Radøy i fellesnemnda:  
Val til fellesnemnda vert gjort i kommunestyret.*

**Vedlegg:**

Etablering av førebuande fellesnemnd